

Øy Nytt



Knykjeblad for Øygarden



I dette
nummeret
kan du
m.a. lese:

Herdladagen	side 4
Konfirmantane	side 6-7
Nytt frå råda	side 8





Kva er pinse?

Vi har nett feira påske i heim og kyrkje. Når eg skriv dette til dykk er vi komen til pinse. Men kva *er* pinse?

Du har hørt om då Jesus møtte lærersveinen Tomas etter oppstoda. Dei andre lærersveinane hadde sagt: «**Vi har sett Herren!**» Men Tomas hadde sagt: «**Det trur eg ikkje før eg får sjå naglemerket i hendene hans og leggja fingeren i det og stikka handa i sida hans.**»(Joh.20,25)

Så kom Jesus óg til Tomas: «**Kom med fingeren din, og sjå hendene mine. Kom med handa di og stikk henne i sida mi. Og ver ikkje vantruен, men truande!**» «**Min Herre og min Gud!**» sa Tomas då. (Joh.20,27-28)

Kvar dag «trur» vi mange ting. Vi trur at bussen kjem kl.1700, eller at Brann vinn neste kamp. Greit nok, men her betyr å tru å rekna med eller å vona.

Jesus-sentrum i trua

Å tru på Jesus er noko anna. For mange snakkar om å tru på Gud, men i den kristne trua kan tru på Gud ikkje skiljast frå trua på den oppstandne Jesus. Han er Vegen til Gud.(Joh.14,6)

Eit ord som har vore viktig for meg heile livet er dette:

«**Den som vil gjera hans vilje, han skal få røyna om læra er frå Gud, eller om eg har henne frå meg sjølv.**»(Joh.7,16-17)

Prøv Jesus, så skal du sjå om Han er ein svindlar eller snakk sanning!

Trua er difor ikkje kva du og eg måtte meina om Gud, men å satse på at Jesus viser oss kven Gud er. Jesus er sentrum i den kristne tru!

Å koma til tru på Jesus

I Bibelen vert det å tru óg teikna som

det å koma til Jesus. Til Han kan du koma med kjensler og tankar, med sorg og synd, med vanskar og tvil. Men óg med alt det som gjer deg glad. Jesus har gjeve store og rike løfter til kvar den som kjem.

Nokre andre bibelord som fekk mykje å seia for meg som ungdom og ung kristen var desse:

«Alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born.»(Joh.1,12)

Og:

«Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!»(Matt.11,28)

Og:

«Den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort.»(Joh.6,37)

Desse tre orda fortel kva som skjer når vi kjem til Jesus:

Det første av desse fortel at når vi tek imot Jesus som vår Frelsar og Herre, får vi retten til å verta Guds born!

Det andre at du som slit og har tungt å bera vil Jesus gje kvile!

Og det tredje ordet seier at Jesus ikkje skal visa deg bort!

Dette er pinse. At påskehøgtida *får verknad* i ditt og mitt liv. Nett som med Tomas, han som vart kalla Tvilaren. Difor vert det pinse i ditt liv når du våger å seia til Herren med Tomas sine ord: «**Min Herre og min Gud!**» Eller slik: «**Okey Jesus. Eg tek imot deg. No.»**

Velsigna Pinse!

svennam@hotmail.com

(Etter preika på konfirmasjonsgudstenestene i Blomvåg 2.og Hjelme 3.mai 2009)



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør:	Margit Liljan Apelthun
Kontingent:	Min. kr 100,- pr. år innan kommunen Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonser:	kr 100,-
Kontonr.:	3628 07 02557
Layout/trykk:	Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden:	Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse:	Rong senter, 2. etg.
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	56 38 22 40
Faks:	56 38 22 41
Vakttelefon:	56 38 22 44
E-post:	kontor@kyrkja.net

Internetsider: www.kyrkja.net

Ekspedisjonstid:	måndag – fredag 0900 – 1500
------------------	-----------------------------

Tilsette:

Kontorsekretær	Kari Sandøy Rong
e-post:	kontor@kyrkja.net tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog	Trine Overå Hansen
e-post:	kyrkjelydspedagog@kyrkja.net tlf. 56 38 22 47

Kantor	Anne Lise Grøm
	kantor@kyrkja.net tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest	Svenn Martinsen
e-post:	sokneprest@kyrkja.net tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje	Odd N. Thormodsæter
e-post:	kyrkjeverje@kyrkja.net tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:	tlf. 56 38 70 22
Blomvåg kyrkje	Kåre Kristoffersen
Kyrkjetenar/	Mobil: 911 05 197
Kyrkjegardsarb.	Ole Vik

Hjelme kyrkje	tlf 56 38 80 30
Kyrkjetenar/	Kjellaug og Raymond Vik
Kyrkjegardsarb.	

Råda:	
Blomvåg sokneråd:	Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd:	Leiar: Atle Dåvøy
Øygarden	
kyrkjelege fellesråd:	Leiar: Gustav Landro

Beredskapsordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå **kl 1700 til kl 0800** neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før **5638 2244**.



Oh happy day,

av Edwin Hawkins

Oh happy day - (Oh happy day)
Oh happy day - (Oh happy day)

When Jesus washed - (When Jesus washed)
Oh when Jesus washed - (When Jesus washed)
When Jesus washed - (When Jesus washed)
He washed my sins away, Lord - (Oh happy day)
Oh happy day - (Oh happy day) (x2)

He taught me how to watch
Fight and pray, fight and pray
And live rejoicing every day, every day

Oh happy day - (Oh happy day)
Oh happy day - (Oh happy day)
When Jesus washed - (When Jesus washed)
Oh when Jesus washed - (When Jesus washed)
When Jesus washed - (When Jesus washed)
He washed my sins away, Lord - (Oh happy day)
Oh happy day - (Oh happy day)

He taught me how to watch
Fight and pray, fight and pray
And live rejoicing every day, every day

Oh happy day - (Oh happy day)
Oh happy day - (Oh happy day)
Oh happy day - (Oh happy day)

Denne songen vart skreven av Edwin Hawkins og kom ut i USA i 1969. Den vart svært populær og gjekk sin seiersong over heile verda. Det var same året som menneska reiste til månen for første gong. Heile verda si merksemd var retta mot denne hendinga.

Samstundes var gospelmusikken på full frammarsj, men den fekk ikkje same merksemda her i Noreg. I 1971 fekk eg høyra denne songen for første gong. Det var på eit skulelagsmøte i den nye kyrkja i Hjelme.

Konfirmantkullet var invitert der og presten Kvarstein var med. Han song denne songen og var veldig inspirert. Framføringa var nok ikkje så vellukka, for alle lo av denne presten som song. Han kunne nok ikkje teksten heller, men bodskapen fekk han formidla.

Då vart overraskinga stor då me seinare fekk høyra songen i radioen. Den har ein særslig tekstsing: Gledens dag, då Jesus vaska vekk mine synder. Han lærde meg å sjå, kjempa og be. Og leva i glede kvar ein dag.

I mange kyrkjelege kretsar var denne songstilen ukjend. Difor var det mange som ikkje ville ha slik gospelmusikk i kyrkja. Den var rett og slett for lavkyrkjeleg. I dag veit me betre. Songar med forsongar og kyrkjelyd som svarar (kantilering), er den same som på Aron og Moses si tid, og at presten syng teksten i alteret under gudstenesta. (messesong)

Hør gjerne songen på You tube, The Edwin Hawkins Singers. Denne teksten viser meg noko viktig. Jesus vaska mine og dine synder vekk for alltid. Det er ikkje noko som må gjerast i framtida, men det er allereie gjort. Difor kan me vera glade, sjå det viktige, kjempa og be. Vera glade og optimistiske sjølv i ein hard og urettferdig kvardag.

Jesus har seira over døden og har gjeve oss eit evig liv med han.

Dette gjev oss håp og livsglede som alle kan få.

Eg utfordrar Børge Haugetun til å velgja MIN SALME neste gong.



GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN



Øygardsgjeng på dugnad
på Bibelskulen, Bildøy
året 1983

Frå venstre: Oskar Vik,
Erling Vik, Kristian
Helland, Ole Vik,
Olav Vik, Gerhard Vik,
Monrad Vik og Gunnar
Torsvik

Framme: Peder Elias Vik

Frist for stoff
til ØyNytt i 2009:

Nr 4- ?????

HERDLADAGEN

I tråd med tradisjonen skipar vi også i år til ein Herdladag. I år vert den søndag den 23. august. Dagen er eit samarbeid mellom Herdla sokneråd og Herdla museum og inngår i Kystsogevekene.

- kl.12.00. Gudsteneste i Herdla kyrkje der Øygardskoret tek del. Prest er Peter Johansen.
- Marknad og underhaldning i Herdlevågen.
- Aktivitetar rundt på Herdla. Museet og kyrkja er opne. Det vert vidare omvisning i det freda torpedobatteriet og høve å sjå det tyske jagarflyet som står på Herdla fort.
- Høve til å kjøpa mat.
- Redningsselskapet kjem med ”Eliasbåtane”



Det vert sett opp rutebåt mellom Meland, Øygarden og Herdla. Nærare opplysningar om rutetider og aktivitetar vert kunngjort i lokalavisa og på plakater.

VELKOMEN TIL EIN FIN DAG PÅ HERDLA!

17. mai i Øygarden

Glimt frå feiring i nydeleg ver!

Vi hadde ei kjempeflott 17.mai-feiring i nydeleg ver i Øygarden dette året! På Rong starta det heile med eit langt og fint tog fullt av glade hurra-ropande born, med skulemusikken i marsjtakt i spissen. På Tednebakkane var det mange som hadde teke turen ut for å få med seg nasjonalsongen når toget var innom der, før det bar bort til kulturhuset for å fortsette feiringa.

Det var Otto Harkestad som heldt talen på Rong i år, og elles var det mykje god underhaldning fra lokale aktørar. Vi fekk mellom anna høyra eit flott kor av born fra 1. til 4.klasse, fin solosong og glade trekkspelmanodiar. Elles var det mykje å finna på ute i det fine veret, særleg putekrigen vart populær blant guttane, både små og store.. Og det var ikkje få kroner som gjekk med til lykkehjul, loddtrekning, fiskedam, luftgevær, ballkasting, spikring, lodd og tipping. Ellers var trehulsykling og sekkehopping populære aktivitetar for borna.

Vi er takknemlige for alt Gud, fedrane og mødrane har gjort for landet vårt, og at vi har det så godt og fritt! La oss ta vare på det vi har og bygge vidare på det!



”Norske mann i hus og hytte,
takk din store Gud!
Landet ville han beskytte,
skjønt det mørkt så ut.
Alt hva fedrene har kjempet,
modrene har grett,
har den Herre stille lempet,
så vi vant vår rett.”

PS! Viss nokon kan rapportera frå dei ulike stadane i Øygarden til neste år, hadde det vore supert! Berre send inn tekst og bilete til Øynytt redaksjonen snarast råd i etterkant av feiringa.

E-post: kontor@kyrkja.net eller lever på kyrkjekontoret på senteret på Rong.

Pinse - kyrkjas fødselsdag

I pinsen feirer kyrkja Den Heilage Andes kome og kyrkjas fødseldag.

Ordet pinse kjem av det greske ordet «pentekoste», som betyr den femtiande. Pinsefesten vert alltid feira 50 dagar etter påske.

Det nye testamente fortel korleis Den Heilage Ande kom over læresveinane som var samla på øvresalen for å feire den jødiske pinsefesten. På mirakuløst vis blir dei i stand til å forstå og tale alle mulige språk. Anden gav dei kraft til å gå ut i verda og forkynne den glade bodskapen om Jesus Kristus.

Bakgrunn

Den kristne pinsen har bakgrunn i den jødiske pinsefesten som er ein av dei tre bibelske pilegrimsfestane saman med påsken og løvhyttefesten (2. Mos. 23:14-16). Då reiste alle til tempelet i Jerusalem. Påsken feira dei til minne om utgangen av Egypt. I pinsen ofra dei førstegrøda av kornhausten og under løvhyttefesten om hausten ofra dei førstegrøda av frukthausten.

For jødane var pinsen også rekna som tida då Moses mottok dei 10 bod i møte med Gud på Sinaifjellet, og israelsfolket blei til ein nasjon med sin eigen lov.

Medan jødane ser seg som personlig utfridd frå slaveri under påskefeiringa, skal dei under pinsefesten sjå seg å ha stått ansikt til ansikt med Gud på Sinai.

I påsken blei dei satt fri frå slaveriet,



PINSE: Ei kvit due og ildtunger er i Bibelen brukt som teikn på Den Heilage Ande. (iStock-foto).

men i pinsen blei dei kalla til samfunn med Gud og gitt loven om korleis dei skulle leve som Guds folk.

Pinsen år 33

For Jesu læresveinar fekk den jødske pinsen ei djupare meiningsdå Den Heilage Ande fall på pinsedagen. Heilaganden overtok Lovens rolle. Som Paulus skriv i Romarbrevet (7:7b): «Men utan loven ville eg ikkje visst av synda...». Så er også Den Heilage Andes oppgave å avsløre synda. I Johannesevangeliet (16:8-11) underviser Jesus om Den Heilage Ande: «Og når han kjem, skal han gå i rette med verda og vise den kva synd er, kva rettferd er, og kva dom er: Synda er at dei ikkje trur på meg. Rettferd er at eg går til min Far, og de

ser meg ikkje lenger. Dommen er at denne verdas fyrste er dømt».

I nytestamentlig tid eksploderte Jerusalem frå sitt normale innbyggertall på rundt 600.000 til fleire millionar under pinsen, sidan jødiske pilegrimar frå andre stader i Israel og fjerne land kom til byen under høgtida.

I Apostelgjerningane kap. 2 kan vi lese kva som skjedde i pinsen i år 33: «Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, viste seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den Heilage Ande og tok til å tale på andre tungemål etter som Anden gav dei å forkynne. I Jerusalem budde det fromme jødar frå alle folkeslag under himmelen. Då dei høyrdé denne lyden, samla det seg ei stor folkemengd, og det vart stor forvirring, for kvar og ein høyrdé at det vart tala på hans eige mål.»


Då stod Peter fram saman med dei elleve og forkynte evangeliet om Jesus Kristus til folket. Det står at omlag 3000 menneske blei døypte og lagt til kyrkja den dagen. Dette har sidan blitt rekna som kyrkjas fødselsdag. Den same Anden som gav læresveinane kraft å forkynne evangeliet om Jesus Kristus på pinsedagen i år 33, er verksam i kyrkja enno i dag.

Hjortland til Sund og Fimreite til prostiet

Seniorprest Per Fimreite kommer fra høsten av inn som vikar i stillingen som prostiprest i Vesthordland prosti, som omfatter kommunene Fjell, Sund, Øygarden og Askøy.

Han vil vikariere for prostiprest Egil S. Hjortland som gå inn i vikariat som fungerende sokneprest i Sund. Hjortland vil tjenerestegjøre i Sund til ny sokneprest er tilslatt.

Hjortland kom til Vesthordland prosti i fjor i den da nyopprettede stillingen som prostiprest.



Egil S. Hjortland.



Per Fimreite.

Lytt til kristen nærradio!

Frå nyttår er kyrkja i Øygarden engasjert i sendingar på Radio Sotra. Sendingane er administrert av Kristen Radiogruppe – Sotra, forkorta til KRS.

Det er radiopastor Johnn Hardang som står bak initiativet med kristne sendingar på denne kanalen. Kyrkja i Øygarden er representert ved soknepresten som har sendingar mellom kl 10.00 og 10.30 kvar tysdag og kyrkjelydsmedarbeider Trine Overå Hansen som har ansvar for ein times sending frå kl 17.00 den fjerde søndagen i månaden. Programmet har ho kalla «Timeglasset». På desse tidspunktene vil det også vera kristne radiosendingar frå andre aktørar. Radio Sotra sender på 100.9 og 104.5 MHz.

Samtalegudstjeneste



Kjære konfirmanter – vi er imponert! Litt av en samtalegudstjeneste dere lagde til. Det var så kjekt å være der og se på. Dere gjennomførte med stil, selv om noen var litt skeptisk på forhånd :)

Dere har talenter og evner hele gjengen, noen synger mens andre maler, dikter, spiller instrumenter eller er med på drama! På en kjempefin måte utfyller dere hverandre, og gjør en slik gudstjeneste mulig!


Hver og en av dere er helt unik! Håper dere syntes det var kjekt å være med også!

Året har gått utrolig fort, og det har vært kjekt å bli kjent med dere. Det er rart å tenke på at det er over allerede. Men vi håper vi får se dere igjen, om det er på Norske talenter eller KRIK, får tiden vise :)

Ta vare på det der har lært og husk på at Gud ønsker å gi dere det beste!

Hilsen fra Beate, Jon og Herborg Kari





Helsing frå kyrkja Kjære konfirmantar og føresette!

Vi gratulerer så mykje med konfirmasjonen! Vi synes det var svært fine konfirmasjonsdagar vi fekk vera med på i år, og håpar at de alle hadde ei flott feiring. Vi i kyrkja vil takke for dette året i lag med konfirmantane og ynskja dykk lukke til vidare på ferda. Gløym ikkje Jesus! Han gløymer aldri deg!

Nytt team til hausten

Det nye teamet frå NLM som skal vera i Øygarden skuleåret 2009/2010 er no klart! Vi har vore så heldige å få med oss 2 jenter og 2 gutter som dette året har gått på Fjellhaug bibelskule i Oslo. Dei kjem til å ha fast base i Øygarden, og skal bu i ”gamlehuset” til Anders Vik på Vik. Teamet skal delta i konfirmantarbeidet og barne- og ungdomsarbeidet i heile Øygarden. I dag (20.mai) hadde vi eit overlappingsmøte mellom det gamle og det nye teamet. Herborg Kari, Beate og Jon takkar for seg og tykkjer dei har hatt eit kjekt år, og dei nye ser fram til arbeidet, og gler seg til å bli kjent med born og unge i Øygarden!



Frå venstre: Harald Rørvik Valderhaug (21 år), Synnøve Jøssang (19), Ole Petter Stenberg (19) og Åshild Meling (20).

NYTT FRÅ RÅDA

Kostnad med bisetting

Praksis i samband med bisetting har til no vore slik at dei pårørande har betalt for kostnaden til krematoriet i Bergen.

Fellesrådet tilrår overfor kommunen at bisetting vert delvis dekka for personar som har registrert adresse i Øygarden. Dette er no til handsaming i kommunale organ.

Vedlikehald av Blomvåg kyrkje

Regjeringa har dette året laga ein tiltakspakke som m.a. har konsekvensar for kyrkjebygg. Søknad om slike midlar går gjennom kommunen.

Fellesrådet meiner det er viktig å nyta dette utspelet til å få gjort nødvendig vedlikehaldsarbeid på Blomvåg kyrkje og har sendt søknad til kommunen om midlar frå regjeringa sin tiltakspakke. Så langt er det vist velvilje i kommunen for dette tiltaket og prosessen går no sin gang.

Evaluering av prøveliturgien "Den store lovsongen"

Det har vore sendt ut skjema for evaluering av prøveliturgien. Det kom inn berre 16 svar.

I felles soknerådsmøte vart det gjort følgjande vedtak:

1. Den Store Lovsangen – ”Øygardsliturgien” – held fram som gudstenesteliturgi for Øgarden prestegjeld inntil vidare.
2. Det vert sett ned ein komite med leiar og nestleiar frå begge sokneråd saman med soknepresten som innan 1. juni i år skal koma med eit framlegg til vegval når det gjeld spørsmål som er reist med omsyn til sjølve liturgien og gudstenestelivet i det heile. Framlegget vert sendt attende til sokneråda for endeleg vedtak.
3. Ei revidert utgåve av Den Store Lovsangen vert seinare vurdert opp mot ny Høgmesseliturgi av 2011.

Utkast til ny dåpsliturgi for DnK

Sokneråda ønskjer at fornyingsarbeidet for dåpsliturgien held fram. Soknepresten sitt framlegg til ein lett revidert dåpsliturgi vart vedteken brukt frå påskedag 2009.

Ny valordning og felles sokneråd for Hjelme og Blomvåg

Dette året er det ny valordning for kyrkjevalet som omfattar både soknerådsvalet og bispedømerådsvalet.

Valet skal i størst mulig grad følgja ”rytmen” for Stortingsvalet. For at så mange som råd er skal få høve til å stemma, vil det bli lagt opp til førehandsrøysting i kyrkjene etter gudstenestene frå søndag 16. august. Vi vil koma attende til plassering av vallokale for kyrkjevalet på sjølve valldagen 14. september.

Det er gjort vedtak i sokneråda hausten 2008 om at ein i dette soknerådsvalet vel felles sokneråd for begge sokn med tre faste representantar frå begge sokn. Vedtaket er godkjent av departementet. Framlegg frå valkomiteen er no ferdig og går til sokneråda for endeleg godkjenning.

Kyrkjevalet 2009

Valet fell i år saman med Stortingsvalet. Samstundes med soknerådsvalet vert det også direkteval til bispedømerådet. Dette er eit val etter nye reglar.

Etter godkjenning frå Kyrkjedepartementet får no Øygarden Prestegjeld prøveordning i to soknerådsperiodar med sams sokneråd for Hjelme og Blomvåg sokn, med namn: Hjelme og Blomvåg Sokneråd. Det skal veljast tre faste- og fem varamedlemmer frå kvart av sokna. Valkomitear for begge sokn har 28. april gjort ferdig framlegg til vallister. På sams soknerådsmøte for Hjelme og Blomvåg 19. mai orienterte kyrkjeverja om valprosedyrene. Sokneråda stilte seg bak forslaga til kyrkjeverja. Ein kjem tilbake til detaljane i det første soknerådsmøtet til hausten.



Følgjande einskildpunkt kan nemnast:

1. Kandidatlistene vart godkjent.
2. Det er høve til å førehandsrøysta frå 10. august:
 - 16/8 i Hjelme, 23/8 i Blomvåg, 30/8 i Hjelme Gamle, 6/9 i Blomvåg, alle dagane etter gudstenesta.
 - På kyrkjekontoret i kontortida frå mandag 10. august til fredag 11. september.
 - På arrangement i det kristne ungdomsarbeidet (Nautnes, Ichty, Øygarden Gospel). Nærare tidspunkt følgjer seinare.
3. Valdag søndag 13. september: I begge kyrkjene etter gudstenesta.
4. Valdag mandag 14. september: I begge kyrkjene. Opningstid i samsvar med Stortingsvalet.
Det skal hengjast opp plakatar i vallokala for Stortingsvalet som orienterer og viser til kyrkjene som plass for kyrkjevalet.
5. Direkteval til bispedømerådet. Kandidatane er her sett opp i alfabetisk rekjkjefølgje og det må kryssast av kven ein prioriterer. Det er også her høve til førehandsrøysting.

Kandidatlister for valet til Hjelme og Blomvåg Sokneråd 2009 Blomvåg sokn sitt framlegg:

Nr	Namn	Stad	Fødselsår
1.	Olaug Merete Rong	Dale	1974
2.	Erling Vik	Vik	1956
3.	Linn Karin Knappen Andersen	Oen	1977
4.	Øyvind Solsvik	Dale	1975
5.	Ingebjørg Martinussen	Knappen	1991
6.	Torhild Rong	Dale	1949
7.	Norvald Vestheim	Rong	1935
8.	Åse-May Solsvik	Vik	1971
9.	Siv Thorsen	Rong	1969
10.	Daniel Torsvik	Torsvik	1942

Hjelme sokn sitt framlegg:

Nr.	Namn	Stad	Fødselsår
1.	Atle Dåvøy	Ådnevika/Harkestad	1967
2.	Andreas Kårbo	Skjold	1961
3.	Astrid Rustad	Nautnes	1959
4.	Kristen Olai Fjeldstad	Tjeldstø	1950
5.	Kjell Arne Fjeldstad	Tjeldstø	1948
6.	Daniel Dåvøy	Ådnevika/Harkestad	1990
7.	Torunn Karlsen	Dåvøy	1958
8.	Delia Hellesøy	Bakken	1956
9.	Trygve Johannes Hellesøy	Hellesøy	1938
10.	Ingvild S. S. Myhre	Harkestad	1970

**Kjøp kjapt,
trygt
og billig**

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personar.

Arrangerer byllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.

Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380



Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Faks: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

**Det er vi
som bygger Øygarden**

**ØYGARDEN
BYGGSENTER**

**TH
BHAS BYGG**

NORGESHUS
Øygarden
Boligutvikling as

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på
tlf: 56 38 91 91 / 951 12 634

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ


- En del av Koba Christensen gruppene

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



Sparebanken Vest

- satser på Vestlandet

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Egne prisar for pensjonistar
Langope torsdag.

Vårens nyheter

Mand-fred 10-18
Lord 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA

Gave & Interiør

RONG SENTER



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass



BLOM
SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Velkommen til oss

Catering:

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet.
Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf.: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



Blomsterbua
Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong



TORSVIK

ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent osteskål	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Ope måndag - fredag kl. 8 - 21, laurdag kl. 9 - 20



Bank i Butikk

EUROSPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Elin Mikkelsen
Berntsen



Heine
Polden



Tom
Wilson

Døgn telefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700



AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



GUDSTENESTER

- 31.mai** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- 01.juni** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- 07.juni** Hjelme kyrkje kl. 16:00 Familiemesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 14.juni** Friluftsgudsteneste i Pardalsmyra Vik kl. v/ Svenn Martinsen
- 21.juni** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Egil Hjortland. Nattverd.
- 28.juni** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ vikar Nattverd.
- 05.juli** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd.
- 12.juli** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Besøk fra NLM. Tale v/ erkebisop fra Mekani Yesu kirken. Kor fra Bergen syng. Nattverd. Middag
- 19.juli ikkje gudst i Øygarden
- 26.juli ikkje gudst i Øygarden
- 02.aug** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Harald Grønnevik. Nattverd.
- 09.aug** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Harald Grønnevik. Nattverd.
- 16.aug** Hjelme kyrkje kl. 11:00 Familiemesse v/ Egil Hjortland. Nattverd.
- 23.aug** Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Familiemesse v/vikar. 50års konfirmantjubileum. Nattverd
- 30.aug** Gamle Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ Svenn Martinsen. 50års konfirmantjubileum. Nattverd.

TIL LUKKE

- 70 år:**
17.juni Harald Bjørsvik, Gjetlingavegen 3
19.juni Harald Magnus Solvik, Fagrebakkane 55
13.juli Margit Marie Karlsen, Nautnes
03.aug Jan Henrik Nansve, Torsvik
26.aug Olaug Skjold, Skjold
- 75 år:**
04.juni Margrethe Amanda Midtøy Toftesen 35
14.juni Margit Kuven, Smuget, Rong
28.juni Johannes Hellesøy, Hellesøy
11.juli Ingolf Asbjørn Torsvik, Torsvik
27.juli Edel Olsen, Rong
04.aug Solveig Vassbotn Sanden, Bakken
11.aug Kåre Alf Blom, Blomåsen 21
- 80år:**
17.juli Kristi Rong, Rong
06.aug Nelly Målfrid Andersen, Tjødnarvegen
12.aug Andreas Dale, Dale
01.sept Aslaug Nelly Rong, Moldbrekkene
- 85 år:**
06.juli Inga Margrete Pedersen, Nautnes
23.juli Ingrid Aslaug Herdlevær, Herdlevær
17.aug Nils Dåvøy, Dåvøy
01.sept Magnus Torolf Torsvik, Torsvik
- 90år:**
01.aug Ingvald Krossnes, Alvheim

KYRKJELEGE HANDLINGAR

DØYPTE

- Blomvåg:**
Mariell Breivik, Vikatoppen
Adrian Widding Jentoft, Torsvik
Martin Papas Sæther, Blomvåg
Thomas Matthew Johansen, Veslevarden (Ullensvang kyrkje)
Lydia Konstanse Andersen,
Rossnesvegen
Ariana Rong, Rådal

VIGDE

- Blomvåg:**
Paula-Jayne Elisabeth Kinsey og
Nils Ottar Ekerhovd

DØDE

- Blomvåg:**
Aslug Randi Breivik, Bergen f. 1920
Harry Malvin Oen, Oen f. 1939
Kristin Nora Haugetun, Rong f. 1954
Knut Herdlevær, Herdlevær f. 1934
Johannes J. Breivik, Breivik f. 1942

Hjelme:

- Martha Skjold, Bergen f. 1911

INNKOMNE OFFER

Blomvåg:

- 4.jan Kyrkjelydsarbeidet kr. 1808,00
18.jan Norsk Lærarakademi kr. 1503,00
1.feb menneskeverd kr. 3742,50
15.feb Kyrkjelydsarbeidet kr. 1662,50
1. mar Norsk Misjon i øst kr. 1932,00
15. mars KRIK kr. 1643,00
29.mar Norsk gideon Bibelmisjon kr. 2822,50
5.apr Kyrkjelydsarbeidet kr. 1687,00
13.apr Bibelskulen Bildøy kr. 1808,50
26.apr Kyrkjelydsarbeidet kr. 3269,50
2.mai Jinka-sjukehuset kr. 4024,00
2.mai Strømmestiftelsen kr. 4153,50
10. mai Laget kr.

Hjelme:

- | | | |
|--------|--------------------------|-------------|
| 1.jan | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 2380,00 |
| 11.jan | Bibelskulen Bildøy | kr. 2287,50 |
| 25.jan | NLM | kr. 2345,50 |
| 8.feb | Det Norske Bibelskap | kr. 3432,00 |
| 22.feb | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 1796,00 |
| 8.mar | nordhordland Indremisjon | kr. 1409,00 |
| 22.mar | Ungdom i Oppdrag | kr. 2351,50 |
| 9.apr | Den Norske Israelsmisjon | kr. 2691,00 |
| 12.apr | Normisjon | kr. 5332,50 |
| 19.apr | Strømmestiftelsen | kr. 1339,50 |
| 23.apr | Konfirmantarb | kr. 2334,00 |
| 3.mai | Familie og Medier | kr. 4832,00 |

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Minibokhandel
på
kyrkjekontoret

Bok & Media, Vestbok
Vetrlidsallmenningen
Tlf: 55 31 79 63
post@vestbok.no
www.vestbok.no



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

Sondagsåpent hele sommeren.

NYHET! Ionic - Detox™ MK2

A veldig rask og effektiv metode til å få bort avfall fra kroppen. Denne metoden er en av de mest effektive måtene å få bort avfall fra kroppen. Denne metoden er en av de mest effektive måtene å få bort avfall fra kroppen.

Vårt tilbud!

Behandlinger: kr 2500,- ved bestilling av 10 ganger. Reprise kr 450,-

Behandlinger: 8 ganger = kr 1600,- Kr 200,- pr gang ved bestilling av 10 ganger - reprise kr 400,-

Vårt tilbud!

Behandlinger: kr 2500,- ved bestilling av 10 ganger. Reprise kr 450,-

Behandlinger: 8 ganger = kr 1600,- Kr 200,- pr gang ved bestilling av 10 ganger - reprise kr 400,-

ØYGÅRDEN HUDBEKROPPSFLEKK

Ring for timebestilling!

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B
NORGE
P.P.



Konsert i kulturkyrkja Hjelme gamle

Ingunn Teigen, Hellesøy

«Ei kvitmåla kyrkje ved Hjeltefjord», låg fredfullt i ettermiddagssola laurdag 23. mai. Langs den gamle kyrkjevegen vandra det glade menneske som samla seg til gode møter på kyrkjebakken og benka seg forventningsfullt til konsert i Hjelme gamle kyrkje.

Vesle Maria Svelingen Flatekvål, fire år, opna konserten og sjarmerte ei fullsett kyrkje. Ho sette stemninga! Lokale song – og musikkrefter frå heile Øygarden og mannssterkt besøk av Postkoret i Bergen samt Postens damekor, gav dei frammøtte ei rik ettermiddagsstund.

Postens damekor opna med «Bergens nasjonalsong» - Jeg tok min nystemte. Vik mannskor gav oss dei gode salmane som hører med i kyrkjerommet.

Egil Sæle og Anne Lise Grøm, framførte folketonar og gamle salmar. Egil Sæle fortalte muntre historier frå kyrkjelivet, den gong presten måtte fraktast i båt over fjorden, i storm og stilla.

Salmesong var viktig i Hjelme gamle kyrkje. Gjennom Øygardskoret fekk vi innsikt i at det tidlegare fanst eit rikt diktar – og salmeliv hos lokale krefter i Øygarden.

Prislønte Rong Brass gav oss ei stille meditasjonsstund med nydelig framføring. Frå galleriet fylte Postkoret i Bergen det vesle kyrkjerommet med kraftfulle røyster og avslutta med «Sumarkveld ved fjorden».

Tidlegare leiar av Bakken nærmiljøutval, Sjur Meling, meddelte forsamlinga at konserten resulterte i ei gave til Hjelme gamle på kr. 11.000,-. Kyrkjekontoret i Øygarden vil no få overrekt ein sjekk på til saman kr. 16.000,- som er innsamla på dugnad til kyrkja i nord.



På kyrkjebakken. Foto: Sjur Meling



Maria Svelingen Flatekvål og bestefar, Roald Svellingen. Foto: Sjur Meling.

På vegne av «Venner av Hjelme gamle kyrkje» vil eg takka alle aktørar som var med og fekk denne flotte kvelden i stand. Takk for pengegåvene, kor og band sine fine framføringar og til initiativtakar og konferansier, Roald Svelingen.

Neste arrangement i Hjelme gamle: Katolsk messe og ikonutstilling med Solrun Nes, i kyrkja og Kystmuseet. Meir informasjon om utstillinga vert annonsert.